



Seljord IL

Dugnad under Dyrsku`n 2024

Det nærmar seg Dyrsku, og Seljord Idrettslag er i full gang med å førebu matsalet. Vi er svært glade for at du har sagt ja til å arbeide dugnad under Dyrsku`n. Det er denne innsatsen som gjer det mogeleg å halde i gang aktivitetar som barneidrett, fotball, handball, friidrett, skiaktivitetar i Raudkleiv, ridegruppe m.m.

Alle aktive SIL-medlemar mellom 11 og 13 år, er sett opp på ryddevakt eller hamburgarpakking 3 til 4 timar 2 av dagane. Aktive 14 år er sett opp på 2 vakter under Dyrskun. Den eine vakta går til inntekt for undergruppa. På heimesida vår finn du oppdatert vaktliste som viser kva for tid du er sett opp.

OPPMØTE PÅ DYRSKUPLASSEN og viser til vedlagt kart

Hugs at det kan vera kø både på vegen og inne på plassen. Ver ute i god tid!

1. Innkøyring er Norbygdi Industriområde (Bergene Holm) og følger ny veg langs Bygdaråi. Følg skilting og tilvising frå mannskap.
2. Eigen parkering for dei som skal jobbe dugnad finn du på jordet nede ved Bygdaråi mot Norbygdi. Der får du parkere gratis ved å vise til vaktlista.
3. Oppmøte/innsjekk vakter er i telt på venstre side av Hovudport for å registrere dugnadsvakta di. Oppgje navnet ditt for registrering – du får stempel for gyldig inngang.
4. Etterpå går du til personalmottaket til Seljord IL som ligg bak hovudmatutsalet. Der vil du bli sjekka inn og får tildelt arbeidsantrekk og ei innføring i jobben du skal utføre.

Dersom vakta du er sett opp på, ikkje er i samsvar med tidlegare avtalt eller om det har kome hindringar av noko slag, ber vi deg ta kontakt med underteikna innan onsdag 28. august.

NB! På heimesida vår seljordidrettslag.no finn du ajourførte vaktlistar og anna aktuell info.

Seljord 23. august 2024

Helsing

Seljord IL v.Tellef Solås

Mobil: 918 96 135

Epost: post@seljordidrettslag.no

Vel møtt til travle dagar 😊